


# Digitale politiske møter

Evaluering av perioden mars-juni 2020



# Innhald

<b>Oppsummering .....</b>	<b>3</b>
<b>Spørjeundersøkinga .....</b>	<b>5</b>
Rolle .....	5
Testing.....	5
Teknisk utstyr .....	6
Opplæring i DigDem .....	7
Informasjon i forkant av møtet .....	8
Brukarstøtte for fjernmøte .....	8
Dei virtuelle møteromma .....	9
DigDem under møta .....	10
Oversikt over dei digitale verktøya .....	11
Samhandling under møtet .....	11
Generelt.....	13
<b>Kommentarar frå fylkesrådmannen .....</b>	<b>14</b>
DigDem .....	14
Teknisk utstyr .....	15
Brukarstøtte for fjernmøte .....	15
Videomøterommet.....	16
Samhandling .....	16
Fylkesting som fjernmøte .....	16
Utvalsmøte som fjernmøte .....	16

# Oppsummering

Fylkesrådmannen ønskja å evaluere dei digitale politiske møta som vart heldt i perioden mars-juni 2020. Ein spørjeundersøking vart sendt ut til dei folkevalde og delar av administrasjonen 24. juni. Under er ei kort oppsummering av svara som var levert, per 16. juli 2020.

I hovudsak er respondentane særsla nøgde med opplegget for dei digitale politiske møta frå fylkeskommunen si side. Dei er nøgde med hjelpe dei har fått, informasjonen dei fekk i forkant, førebuinga og gjennomføringa. Fleire uttrykkar at dei er nøgde med at fylkeskommunen har funne gode digitale hjelpemiddel som tek i vare demokratiet i denne perioden.

Det som har skapt størst utfordring for respondentane er teknisk utstyr, talet på digitale verktøy og manglande samhandling under møta.

Når ein krev fire digitale verktøy (ePolitikar, e-post, DigDem, virtuelt møterom) for å gjennomføre eit politisk møte, er det krevjande når ein ikkje har fått utdelt teknisk utstyr som syter for at ein kan handtere verktøya enkelt og oversikteleg. Ein representant hadde berre ein fylkeskommunal iPad tilgjengeleg heime. To respondentar meldte at dei måtte kjøpe breiband med høgare kapasitet, og som var dyrare, for å kunne delta i dei politiske møta. Det skal ikkje innebere kostnadene å vere folkevald i Vestland fylkeskommune, og ein bør ha dei same føresetnadane for å kunne delta i demokratiet.

Manglande samhandling er oppfatta som eit klart minus ved digitale politiske møter. Fleire respondentar visar til at politikken vert meir rigid, og det er vanskeleg å få til gode kompromiss, når ein ikkje får god samhandling med eigen gruppe, internt i posisjon/opposisjon og med andre parti. Det vert vist til at det gjer at ein får dårlegare vedtak til resultat, og at det er særleg utfordrande med nye forslag under møtet i sakene. Partia har gjerne allereie avklart korleis ein skal røyste før møtet, grunna dårlege moglegheiter for diskusjon under møtet, og har vanskar for å gjere endringar fortløpende med dei ramane som fjernmøte legg til grunn.

Det vart og vist til at det var vanskeleg, særskilt på fylkestinget, å ta ordet til protokollmerknadar, til dagsorden, osb., via DigDem.

## Framover

### Om respondentane

Det var 26 respondentar, av desse var 23 folkevalde og 3 frå administrasjonen.

### Angåande spørsmåla om testing, i spørjeundersøkinga, på side 4

Desse sikta til den obligatoriske testinga av utstyret i forkant av de første digitale politiske møtet ein skulle delta på. Frå kommentarane er det tydeleg at spørsmålet har vore oppfatta ulikt. Nokre har svart angåande den første testen, men ein del har og svart i samband med innlogginga før kvart møte. Til dømes i samband med fylkestinga, der vi hadde puljevis innlogging med start opp til 2 timer før møtet.


Fleire visar ønskje om å fortsette å bruke DigDem til hausten, både på fysiske møter, for fleire utval og ta i bruk fleire funksjonar i DigDem. Ein respondent ønskja ei oppfrisking i DigDem, om løysinga vert brukt til hausten.

Dei fleste respondentane som la igjen ein kommentar om framtidig bruk av digitale politiske møter, ønskja å ta i bruk digitale politiske møter også sjølv om ein opnar opp meir til hausten. Ein respondent ønskjer berre å bruke digitale løysingar om det er særskilte omsyn som talar for det, tilsvarande situasjonen vi har vore i denne våren.

# Spørjeundersøkinga


## Rolle

Kva er din rolle i Vestland fylkeskommune?




## Testing

Gjennomførte du testing før møte?




Om du ikkje gjennomførte test, kvifor ikke?



## Om du ikke gjennomførte test, kvifor ikke? - Anna

### Opplevde du at testen var nyttig?



### Om du ikke opplevde testen som nyttig, kva sakna du?


- Var til tider litt ustukturert testing. Opplevde i alle fall i starten at det var den som ropte høgast som kom til, og var litt tilfeldig kven som fekk testa tidleg og kven som måtte vente lenge. Synes det kom seg når administrasjonen foretok meir systematisk testing og ropte opp ein og ein.
- -
- Var unødvendig for min del

### Har du kommentar til testinga:

- Ofte lang ventetid
- Veldig bra dialog, der vi også fant svakheter i eget utstyr.
- Nyttig i form av at det var OK med en avsjekk. Det digitale går vanligvis helt greit for min del.
- Måtte møte opp alt for tidlig til møtene.
- Tålmodig og flinke folk som sto for opplæringa. For kort varslet/innkalling til test-tidspunkt ved fleire høve.
- Helt enestående :)
- Som gruppeleder har det vært utfordrende å få varaer til å stille på testing, da disse har vært annonsert med kort tidsfrist.

## Teknisk utstyr


### Kva teknisk utstyr brukte du i fjernmøta?



### Kva teknisk utstyr brukte du i fjernmøta? - Anna

- Kamera

### Opplevde du at utstyret du hadde var godt nok?



### Om nei, kva opplevde du at var utfordrande?


- Problemer med mikrofonen, men fikk god hjelp til å gjøre forbedringer
- Det var vanskeleg å ha oversikt over møtedeltakarar og sakspapir på samme tid.

### Har du kommentar til det tekniske utstyret:

- Måtte oppgradere mobilt breidband til dyrare løysing for å kunne avvikle møtene, då lokalt "breidband" ikkje var godt nok.
- Det var utfordrande for meg som har därleg internettkoppling. Det blei veldig dyrt å bruke ekstra penger på mobildata i perioder, som var kjapt med tanke på at eg ikkje har så god råd.
- Ved lange møte har ikkje headsett nok kapasitet

## Opplæring i DigDem

### Var opplæringa i DigDem tilstrekkeleg?




### Om nei, kva sakna du?

### Har du kommentar til opplæring i DigDem:

- Veldig bra
- Veldig god gjennomgang!
- Ingeborg er god!
- Dumt at det ikkje alltid er mogleg å teikner seg
- DigDem er enkelt og greit, og styrer jo egentlig seg selv. Veldig fint.
- Hvis vi skal fortsette med fjernmøter til høsten, så en liten oppfriskning av DigDem
- Det var utfordrende å få varaer til å komme seg inn på vlfk epost for å få lenken til å møte i digdem, og tidsfrist for digdem opplæringene var korte.

# Informasjon i forkant av møtet

## Var informasjonen du fekk i forkant av møta god nok?




## Om du ikke opplevde at informasjonen var god nok, kva sakna du?

### Har du kommentar til informasjon i forkant av møta:

- Eg syns informasjonen var veldig god- men det virker som mange ikke fekk med seg informasjon som blei gitt langt nede i mailen. Td om opplæring og tidlig oppkobling og headset
- Somme tider sleit eg med å finne att eposten med lenkja som skulle brukast til påkoppling. Mulig med betre overskrift som gjorde eposten betre søkbar? (vanskeleg å hugesnamn på avsendar, og dersom avsendar var "politisk.no", så får vi veldig mange....)
- Grundig og god info

# Brukarstøtte for fjernmøte



## Om du ikke fekk den hjelpa du trengte, kva sakna du?


- Dei kunne ikkje hjelpe. hadde noko å gjøre med settings på PC

### Har du kommentar til brukarstøtte for fjernmøte:


- Virker veldig bra
- god hjelp
- Fyrsteklasses hjelp
- Veldig bra!
- Fantastiske
- Fulgte med på håndteringen av de møtedeltagerne som fikk utfordringer undervegs. Ble profesjonelt og godt håndtert av politisk sekretariat og av IKT.
- Super service og kunnskaper!

# Dei virtuelle møteromma

## Fungerte dei virtuelle møteromma greitt?



## Om du hadde problem med dei virtuelle møteromma; kva var problemet?



## Om du hadde problem med dei virtuelle møteromma; kva var problemet? - Anna

- Vansklig å ikke se de andre deltakerne i fylkestinget.

## Har du kommentar til dei virtuelle møteromma:


- Blir ikke det samme som fysiske møter, vanskelig med gruppemøte og finne gode kompromiss.
- Det var noen ganger de virtuelle møterommene ble litt trege og hakkete utover møtedagen
- Når bileta bytter plass heile tida, så er det litt forvirrande
- Skulle ønske det blei snakka om møteregral i forkant. Det er mange uformelle reglar som feks. gjer det vanskeleg å vite når ein bør teikne seg.
- Tidvis litt dårlig bilde på noen av møtedeltakerne, men egentlig helt OK.
- Irriterande med gjentakende problem med lyd, ellers bra
- Med 3-4 pc'er/mac oppe for å lese notater, digdem og sakspapirer, og mobil for å kommunisere med gruppen - ble det veldig tungt for hode og øyne.. Ser frem til å møtes fysisk ;)

Men det har vært god oppfølging teknisk.


- Første virtuelle fylkesting var utfordrende i forhold til protokollmerknader og det å tegne seg til dagsorden. Dette fungerte bedre da vi oprettet et eget chatrom for gruppelederne i juni tinget.

# DigDem under møta

## Fungerte DigDem greitt i dei politiske møta?



## Om du ikkje opplevde at DigDem fungerte greitt, kva sakna du?




## Om du ikkje opplevde at DigDem fungerte greitt, kva sakna du? - Anna

### Har du kommentar til bruk av DigDem under møtet:


- Ja, ta i bruk flere av mulighetene som ligg i Digdem. Gjerne bruke det i fysiske møter også.
- Kombinasjonen av digdem og møterommet gjorde det krevende å skrive/lese sakspapirer samtidig. Dette kunne jeg løst vha en ekstra PC-skjerm, men jeg hadde ikke det tilgjengelig
- Kanskje litt seine med å opne for å teikne seg. Nokon gongar gjekk det ikkje, og det kom heller ikkje opp høve til å teikne seg for replikk (sjølv om ein hadde oppdatert) Ikkje mulig å teikne seg til dagsorden, eller gje innspel underveis. Sett store krav til møteleiar om også å følgje med på chattern.
- Ypperlig digitalt verktøy.  
Etterhvert blir det bra å få forslagene vekk fra e-post og heller til DigDem.
- saknar å sjå avstemminga i eige bilde, samt at DigDem oppdaterer seg sjølv under vegs
- Litt from mye behov for oppdatering av nettside underveis - særlig ved votering.
- Utfordrane...
- det burde være en funksjon i digdem som åpner for protokollmerknad, og evt det å tegne seg til dette. Også ta ordet til dagsorden/saksopplysning.

# Oversikt over dei digitale verktøya

## Gjekk det greitt å ha oversikt over dei digitale verktøya?



## Om det ikkje var greitt å ha oversikt over dei digitale verktøya, kva sakna du?




## Om det ikkje var greitt å ha oversikt over dei digitale verktøya, kva sakna du? - Anna

### Har du kommentar til dei digitale verktøya:


- Etter litt prøving..og feiling. Men ganske krevjande og intenst når ein må ha fleire skjermer / maskiner. Særleg når ikkje alle dokument ligg inne i epolitiker på rett sak.
- Litt komplisert med berre ein skjerm
- Istedetfor en massevis med eposter som sendes ut til medlemmene - hadde det vært mer oversiktlig å heller legge det ut på en OneDrive-mappe som var tilgjengelig for alle? Bare en tanke.
- Det er utfrodrende, og hyppige pauser hjelper.

# Samhandling under møtet

## Var det greitt å samhandle under møtet?



## Om du ikkje opplevde det som greitt å samhandle under møtet, kva sakna du?



## Om du ikkje opplevde det som greitt å samhandle under møtet, kva sakna du? - Anna

### Har du kommentar til samhandling under møtet:

- Det å gjennomføre digitale møter krever at tilnærmet alle avklaringer og beslutninger er tatt på forhånd. For at det skal funke må politikerne endre noe av måten vi jobber på
- Møtet, og løysingane/samarbeidet på tvers av fraksjonar blir mindre fleksibelt. Noko som faktisk kan gje därlegare vedtak...
- Ble vel mye ettersom vi også måtte samsnakkes i gruppen. Dumt da at det kommer opp nye forslag og endringer i en sak hele tiden
- Vi har ofte gruppemøter i pausene, så det blei ofte for få pauser. Synes likevel det fungerte greit på det siste fylkestingsmøtet.

Eg vil takke alle som har gjort ein god innsats med å sikre gode digitale løysingar på kort varsel! Takk for at de bidrar til å oppretthalde demokratiet ei vanskeleg tid.

- Usikker på ja eller nei. Etter forholdene - ja. Men man får ikke den samme samhandlingen digitalt, verken med egen partigruppe eller andre partier, som man får ved fysiske møter. Men vi hadde egne chatter med vår partigruppe.
- Helt umulig å snakke seg sammen i gruppen før avrøysting. Veldig utfordrende, særlig ved fylkesting.
- Måtte følgja godt med og benytta både i-PAD og mobil i tillegg.
- Det største minuset med digitale møte. Politiske møte har ein eigen dynamikk og den forsvinn når vi sit kvar for oss.
- Kanskje ikkje like relevant for adm, men vi nyttar Skype i dialogen
- Krever nok at medlemmene av dei ulike gruppene har folk som er oppdaterte på ulike plattformer å ha møte på
- Det fungerte godt for oss å sitte på samme sted, slik som da vi hadde møterom på Sandsli i junitinget. Dette var optimalt.
- Den politiske samhandlinga, evne til å lytte og justere eigen posisjon undervegs i møtet, er svært därleg med digital møteform. Sjølv om alt det tekniske fungerer, er det ikkje dermed sagt at ein oppnår same kvalitet i beslutningane og vedtaka. Eit stivt og rigid oppsett der eg knapt opplevde at posisjon og opposisjon flytta seg ein millimeter frå det ein på førehand hadde bestemt seg for i interne gruppemøter og fraksjonsmøter.

# Generelt

## Kommentar:

- Fint om digdem kan vurderes i bruk for utvalgsmøtene også
- Jeg synes det politiske sekretariatet og brukerstøtte har gjort en fremragende god jobb! :)
- Trass i at eg saknar fysiske møter, så håpar eg at vi kan halde fram med ein del videomøter. Det er ressurssparande både i tid og reiser!
- Takk for gode og demokratiske løysingar!
- Veldig godt jobbet av politisk sekretariat, IT og resten av administrasjonen. Demokratiet trengs i krisetid, men det hadde ikke vært mulig uten dere. Skryt og honnør fra meg!
- Velfungerande.  
Dette må me bruka i kvardagen, ikkje berre i krisetid. Fungerte fint og er kostnadseffektivt.
- lettare å følgje med i debatten med digdem (teikne innlegg og replikker), oversiktleg over forslag.  
Spart reisetid kan brukast på politisk arbeid.
- I eit fylke med store reiseavstandar er det fint om me kan nyitta diditale møter i ein viss grad , sjølv om samfunnet opnar meir opp!
- I den skriftlige informasjonen kunne det kanskje ha vore tipsa om gode møteromsplattformer (Whereby, Messenger etc) som gruppene kan bruke, slik at die som ikkje har slik kompetanse fekk vite om denne muligheten og kunne ha forberedt seg på det. Ellers er eg imponert over opplæring og grundighet fra FK si side!
- Eg må skryte av de i administrasjonen for stor tålmodighet og forståelse for at alle er ikkje like datakyndig. Og som sagt en liten oppfriskning om vi må fortsette fjernmøter til høsten.  
God sommer :)
- Desse digitale møtene ser eg på som ei rein naudløysing.  
Det positive er at ein har sett at det går an å avvikle møter slik. Bør berre brukast når omstendigheitene tilseier at det er einaste alternativ.

# Kommentarar frå fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er godt nøgd med gjennomføringa av dei politiske møta som fjernmøte i denne perioden. Det har vore ein hektisk periode, på mange måtar. Fylkesrådmannen er imponert over kor raskt dei folkevalde har klart å ta i bruk nye digitale verktøy, og er nøgd med at administrasjonen har klart å evaluere og gjere betringar på produktet fortløpande.

Fylkesrådmannen meiner evalueringa reflekterer administrasjonen sine forventingar, og har fått dei svara ein venta, særskilt på utfordringar. Fylkesrådmannen set pris på dei positive tilbakemeldingane.

## DigDem

Bruk av DigDem vert i haust utvida til hovudutvala, og utvida med å ta i bruk funksjonen for å sende inn forslag sjølv.

Dei fleste folkevalde har berre teke i bruk DigDem ved to høve; fylkestinget i mai og i juni. Dei vil trenge oppfrisking i bruk av DigDem. Ein kjem til å utvide funksjonane i DigDem til å kunne sende inn forslag sjølv, og dei folkevalde treng opplæring i dette for å sikre at alle kjenner seg komfortable med funksjonen. I tillegg må utvalsleiarane få opplæring i si rolle i DigDem. Partia må sjølve ha ansvar for å lære opp varamedlem som vert kalla inn til møte i DigDem.

Det har vore utbetringer av DigDem i løpet av sommaren, og oppdateringar i løysinga skal verte enklare og /eller vert ikkje naudsynt. Det vert til hausten moglegheit for å legge inn protokollmerknad i løysinga og med meir bruk vil samspelet vere betre, slik at talarlista vert opna raskare, osb.

## Teknisk utstyr

Fylkesrådmannen vil legge til rette for at dei folkevalde som skal delta fast i møte der det vert aktuelt med digitale møte å nytte DigDem (både på digitale og fysiske møte) får teknisk utstyr som tek i vare dei behova dei har.

Fylkesrådmannen vil difor rá til at alle får, og tek i bruk:

- Ein fylkeskommunal iPad (slik dei har no)

- Eit kabla headsett
- Eit webkamera
- Hjelp til å sette det opp

Det vert rådd til at ein brukar PC/Mac til videomøtet, for å sikre god kvalitet. Fylkesrådmannen vil difor legge til rette for at dei som ikkje har adekvat utstyr heime, får tilgang til ein berbar fylkeskommunal PC. Det må vere den folkevalde sjølv som må vurdere om dei har godt nok utstyr heime.

Fylkesrådmannen reknar med at det er trøng for 10-15 slike PC'ar. Fylkesrådmannen vil syte for at den berbare PC'en, og i framtida den fylkeskommunale iPad'en, vert sett opp slik at fylkesadministrasjonen på ein enkel måte kan oppdatere den med aktuell programvare, legge fjernstyring lett tilgjengeleg og legge ut til dømes brukarrettleiingar og anna relevant informasjon.

Dei folkevalde vil få informasjon så snart fylkeskommunen har webkamera og kabla headsett klart. Det er utstyr som har hatt stor etterspurnad i denne perioden, og er difor ikkje så lette å kjøpe inn som tidlegare. Når det gjeld dei berbare PC'ane er desse tilgjengeleg ved førespurnad frå dei folkevalde.

## Brukarstøtte for fjernmøte

Fylkesrådmannen vil syte for at telefonnummeret til brukarstøtte for fjernmøte (78 10 11 56) vert bemanna også til hausten. Dei folkevalde kjem framleis til å ta i bruk ein del verktøy som var nye i vår, og det vil vere behov for hjelp. Erfaringa frå denne brukarstøtta har vore særskilt godt.

## Videomøterommet

Fleire kom med innspel om at testinga/innlogginga til fylkestinget tok for lang tid. Dersom ein kjem til å ha fleire fylkesting som fjernmøte, har fylkesrådmannen sett på ei løysing for pålogginga, slik at alle kan logge seg på til same tid.

## Samhandling

Korleis samhandlinga skjer under politiske møte, er i stor grad opp til dei folkevalde sjølve. Men fylkesrådmannen ønskjer å legge det tekniske til rette for god samhandling.

### Fylkesting som fjernmøte

Dersom det på nytt vert eit fylkesting som fjernmøte, vil vi rá til at partia sitt saman i eit rom. Det er aktuelle møterom på fylkeshusa, og det vil og vere mogleg å sitje på hotell eller andre stadatar.

Administrasjonen sett saman ei pakke til kvart parti, som ein kontaktperson for partiet er ansvarleg for. I pakka vil det vere ein mikrofon og eit webkamera, som saman med parti-PC'en, vert brukt på ein «talarstol». Då er alle pålogga møterommet med eigen PC/Mac, men med dempa lyd og biletar, slik at dei kan sjå det som skjer. Om dei skal snakke sjølve, må dei opp på «talarstolen». Då vert det mogleg

for partia å samhandle internt, samtidig som vi er sikra god lyd og bilete. Kontaktpersonen i partiet får opplæring i utstyret når det vert henta, og informasjon vert lagt på nett, samt at brukarstøtte for fjernmøte framleis er tilgjengeleg for testing og eventuelle utfordringar.

Pakker til partia i samband med fylkesting, vert informert om dersom det er aktuelt med fylkesting som fjernmøte.

Utvalsmøte som fjernmøte

Intvala at det ikkje hensiktsmessig å dale opp partigrupper. Men den same løysinga som over vert mogleg å bruke om ein til dømes ønskjer å dele utvalemøtet opp i geografiske delingar. Då vil det vere lettare å samhandle på tvers av parti, og tilhengs også internt i parti.